

Saksprotokoll i fylkestinget - 12.og 13.12.2017

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkestinget fastset desse tillegg og endringar i lokal forskrift om inntak og formidling:

1. Tillegg i § 2 tredje ledd:
Døme på urimeleg lang reiseveg er der søkjar må flytte på hybel, eller reisevegen inkludert evt. bussskorrespondanse overskrid meir enn 60 minutt om eleven ikkje får plass på næraste skule.
2. Tillegg i § 6 første ledd:
Skala for tilleggsponng etter ferdigheitsprøve blir fastsett av fylkesutvalet.
3. Tillegg i § 7 første ledd:
Skala for tilleggsponng, på bakgrunn av dokumentasjon frå særkrets, blir fastsett av fylkesutvalet.
4. Endring i § 13 andre ledd:
Dersom eleven ombestemmer seg i løpet av skuleåret, må eleven slutte i faget før 1. november for å behalde den første standpunktarakteren.
5. Nytt fjerde ledd i § 19 skal lyde:
Inntaket til alternativ sluttopplæring Vg3 i skule vert ikkje delegert til skulane.
6. Ny føresegn skal lyde:
§ 28 Alternativ sluttopplæring Vg3 i skule

Søkjarar som ikkje får læreplass, kan på visse vilkår få tilbod om alternativ sluttopplæring Vg3 i skule. Søkjarar som oppfyller vilkåra, har rett til inntak til eit programområde på Vg3 som byggjer på det programområdet på Vg2 som søkjaren har gjennomført. Vilråra er:

- 1) søkjaren har ungdomsrett etter opplæringslova § 3-1
 - 2) søkjaren har søkt læreplass i Vigo innan fristen 1. mars
 - 3) søkjaren har bestått fellesfag og programfag på Vg1 og Vg2, eller har karakteren 1 i inntil to fellesfag, jf. forskrift til opplæringslova § 3-51
 - 4) søkjaren er heimhøyrande i Hordaland etter lokal forskrift om inntak og formidling § 16
 - 5) fylkeskommunen ikkje kan tilby læreplass innan 1. september
 - 6) søkjaren har svart at han/ho aktivt ønskjer fortsatt oppfølging frå fylkeskommunen, til dømes via meldingskort og oppmøte på obligatorisk informasjonsmøte
7. Resterande føresegn får ny nummerering.
 8. Lokal forskrift vert gjennomgått og revidert seinast ved etablering av utvida fylkeskommune/ region.